

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Dato	30.10.2025
Vår referanse	2022/19699-23
Dykkar referanse	2021/5688
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Uttale til avgrensa høyring av revidert framlegg til detaljregulering for Serklau industriområde gnr. 20 bnr. 12 79 mfl. - Mosterhamn - PlanID 20218 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 07.10.25 om avgrensa høyring av revidert framlegg til detaljregulering for industriområde. Hovudføremålet i planen er næringsføremål, tilkomstveg og opplagsområde i sjø. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan, der området er sett av til næring, hamn, LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag og område der reguleringsplanar er gjeldande. Gjeldande reguleringsplan for området viser heile planområdet på land som næring eller kaiføremål. Område i sjø og næringsområdet er omfatta av bandleggingssone H710_82 (krav om reguleringsplan). Det er utarbeidd konsekvensutgreiing etter vedtatt planprogram.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 06.05.22, og høyringsinnspel 18.08.25. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Vi viser til tidlegare innspel og dialog i saka. Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift